



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
01.09.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/10747 461.4
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

Spreietidspunkt for husdyrgjødsel - informasjon

Grunna ein våt sommar har slåtten blitt forsinka og det har vore vanskeleg å få ut husdyrgjødsla. Generelt er 1. september siste frist for spreiling av husdyrgjødsel utan nedmolding, jf. *Forskrift om organisk gjødsel* § 23. Fleire kommunar i Hordaland har eiga forskrift med seinare frist.

For dei kommunane som har frist 1. september har det vore spørsmål om korleis ein eventuelt kan vurder og gi dispensasjon frå fristen. Problemstillinga er særleg aktuell på større mjølkebruk og andre føretak med mykje husdyrgjødsel.

Kommunen kan gjere vedtak

Det er kommunen som har mynde for vurdering av spreietidspunkt. Fylkesmannen kan ikkje gi dispensasjonar for spreietidspunkt, men er klageinstans, jf. § 36.

(Dette blir ein annan situasjon enn miljøvennleg gjødsling / gjødsling som del av miljøavtale elvemusling i Regionalt miljøprogram (RMP), der Fylkesmannen har mynde til å gi dispensasjon, jf. *Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak, Hordaland* § 24.)

Regelverket

Kommunen kan etter vurdering av vasskvalitet og klimatiske tilhøve tillate seinare frist enn 1. september for spreiling utan nedmolding. Fleire kommunar har tillate seinare frist i form av lokal forskrift, sjå oversikt i nettsaka [«Spreiling av husdyrgjødsel»](#) (høgre marg).

For kommunar utan lokal forskrift kan kommunen tillate seinare frist i form av enkeltvedtak, jf. § 23. Dette inneber at det må komme inn ein søknad frå føretaket, dei konkrete tilhøva blir vurdert, og det blir fatta eit vedtak for kvar søknad.

Kommunen kan eventuelt vurdere om det er mogleg å gi generell dispensasjon, med heimel i § 31. Vurderinga vil innebere om situasjonen er eit særleg tilfelle, og om dispensasjon strir med formålet til forskriftera, inkludert vurdering av vasskvalitet. Kommunen har også høve til å lage ein lokal forskrift gjeldande berre for inneverande år, og dermed mindre krav til høyring, og mogleg å vedta på kort tid.

Når det gjeld overflatespreiling utan nedmolding kan kommunen ikkje gi løyve til spreiling etter 1. oktober.

Tilrådingar frå Fylkesmannen

For kommunar der føretak ønskjer utsett frist for gjødselspreiing kan kommunen handsame søknad og gjere enkeltvedtak, slik forskrifta legg opp til. Det er ein fordel for kommunen å ha oversikt over situasjonen, og vite kven som har fått utsett frist. Det er viktig å ikkje gi inntrykk av at det er «frislepp», slik at det blir vanskelegare å forvalte regelverket dei kommande åra, med forhåpentleg meir normal situasjon.

Det er normalt ikkje høve til å gi generell dispensasjon for heile kommunen grunna spesiell situasjon inneverande år. Vurdering av ein eventuell generell dispensasjon kan gjerne vere meir aktuell for kommunar med mange føretak som ein ventar søknad frå, slik at situasjonen blir meir ekstraordinær. Fylkesmannen rår til å unngå generell dispensasjon.

Ein bør leggje til rette for at det er enkelt for bonden å søkje om dispensasjon og at sakshandsaminga blir effektiv. I ein så spesiell situasjon som i år, kan det gjerne vere aktuelt å gå mindre i detalj-vurderingar for kvar teig, men heller gi generelle vilkår som vil dekke dei aktuelle situasjonane. Vasskvaliteten i vassdraget må bli vurdert.

Uansett om eventuelt løyve til seinare gjødselspreiing er i form av enkeltvedtak, forskrift eller eventuelt generell dispensasjon er det viktig å ha tydeleg ramme for vedtaket. Dette kan *til dømes* vere:

- ✓ avgrensa tidsperiode, til dømes 2 veker etter 1. september
- ✓ avgrensing av avstand til vassdrag, til dømes 10 meter
- ✓ særskilde omsyn langs sårbare vassdrag
- ✓ maksimal tilført gjødselmengd per dekar
- ✓ vilkår om at det ikkje skal bli spreidd på areal som skrånar ned mot vassdrag
- ✓ unngå spreiing i periode rett før varsel om nedbør
- ✓ anna

Fylkesmannen rår generelt til at det ikkje blir laga lokale forskrifter som gir løyve til spreiing etter 1. september. Årsaka er at gjødsling på denne tida har liten agronomisk nytte, og at det er betre om kvart tilfelle av haustspreiing av gjødsel blir vurdert særskilt.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.